



Utdeling av mat på barneheimen i Umbred.

Margunn og Sigmund Håland er frå Noreg med på drifta av barneheim og skule for fattige born i landsbyen Umbred som ligg 50 km sør for Nagpur. Margunn og Sigmund er foreldra til tidlegare soknepresten i Uskedalen, Lina Håland. Frå Umbred kjem det julekort med nyttårshelsing til soknerådet og til alle i Uskedalen som hjelper med økonomisk støtte.

I julehelsinga frå India kjem det fram at det var stor julehøgtid 23. desember med gudsteneste, song og utdeling av julegaver. Alle fekk nye klær. Samlinga var i det nye bygget på senteret UMBRED Children Home. Alle borna fekk invitasjon til å koma og vera elevar på skulen i 2019. Borna og foreldra set stor pris på dette tilbodet. På ein lang og til delt farleg skuleveg, vert elevane henta og bringa med senteret sin bil.

Som ein del av kyrkja i Uskedalen sitt diakonale arbeid, har soknerådet støtta det arbeidet som vert gjort for fattige born i Umbred. I India må nemleg alle betala for skulegang. I fattige område vert dermed skule og utdanning sjeldan ei prioritert oppgåve. På senteret med skule og barneheim er det plass til 100 born. Her får ein mat, klær, helsehjelp og hjelp med lekser.

Dei som ynskjer meir informasjon om barneheimen i Umbred, kan kontakta Margunn Håland på mobil: 406 05 501.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: UMBRED Children Home



UMBRED Children Home har tilbud om skule for 1. til 10. klasse.